



Helse- og omsorgskomiteen
Stortinget
Postboks 1700 Sentrum
0026 Oslo

Deres ref.:

Vår ref.: 16/78261

Dato: 30. november 2016

Innlegg frå Veterinærinstituttet til Helse- og omsorgskomiteens høring vedrørende representantframlegg Dokument 8:2 S i Stortinget

Antibiotikaresistens grip meir og meir om seg som eit stort og aukande samfunnsproblem for så vel dyr som menneske. Veterinærinstituttet støtter intensjonen bak framlegget til representantane Toppe og Lundteigen. Vi vil foreslå å utvide perspektivet til å omfatte bruk av antibiotika og utvikling av antibiotikaresistens hos dyr og i miljøet.

Veterinærinstituttet har i fleire tiår jobba med forskning på antibiotikaresistens hos dyr. Vi har òg som oppgåve å kartlegge resistens og forbruk av antibiotika til fisk og dyr. Vidare har vi studert utviklinga av antibiotikaresistens i norske dyrepopulasjonar og i samband med fôr- og matvarer til sals her i landet. Resultata herifrå blir presentert i den årlege NORM-VET-rapporten om antibiotikabruk og resistensutvikling i Noreg.

NORM-VET stadfester at Noreg fortsatt er i ei særstilling grunna låg, målretta og riktig bruk av antibiotika. Vi har lite resistensutvikling hos fisk og landdyr samanlikna med andre land:

- Antibiotikaforbruket til produksjonsdyr i Noreg er svært lågt og synkande. Landdyr står for berre ein ti-del av all antibiotikaforbruk her i landet.
- Oppdrettsfisk står for berre ein halv prosent av totalen.
- Bruken av antibiotika til produksjonsdyr blir stadig betre i form av meir vekt på smalspektra antibiotika som penicillin framfor meir breispektra antibiotika som kan føre til multiresistente bakteriar.

Diverre er kunnskapane om bruk av antibiotika til kjæledyr utilstrekkelege. Dei siste åra er det påvist særresistente bakteriar frå det mange ser som eit familiemedlem. Desse bakteriane kan innebere at breispektra antibiotika er brukt til kjæledyr. Det kan òg tilseie at det er brukt typar av antibiotika som Verdens helseorganisasjon (WHO) meiner bør være reservert for bruk innan humanmedisin. Vi treng meir kunnskap om antibiotika og kjæledyr for å kunne vere meir sikre.

NORM-VET inkluderer overvaking av resistens hos indikatorbakteriar mot kritiske viktige antimikrobielle midlar. Førre kjem dette, kan selektivt antibiotikapress oppstå i sjukdomsframkallande (patogene) bakteriar. Ein kan vidare risikere å finne resistente bakteriar og overførbar resistens i populasjonar der det ikkje har vore brukt antibiotika, til dømes gjennom import av fôr, dyr eller mat. Difor er overvaking og rutineundersøkingar sentralt for å fange opp nye resistensformer, sjukdomsframkallande bakteriar og bakteriar som MRSA eller *Campylobakter* som kan smitte mellom dyr og menneske.

Dei siste åra har fleire og fleire dyreeigarar sendt prøver til private laboratorium - gjerne utanlands - for bakteriell undersøking og resistenstesting. Dette gjeld særleg for sports- og familiedyr, men òg i aukande grad for produksjonsdyr. Resultatet er ei svekka nasjonal oversikt over resistente sjukdomsframkallande bakteriar med alvorlege resistensformar hos sjuke dyr.

Noreg har som einaste land vedteke ein søk-og-øyelegg-strategi mot gule stafylokokkar av typen LA-MRSA hos dyr. I eit samarbeid mellom Mattilsynet, Veterinærinstituttet og næringa har ein overvaka, kontrollert og aksjonert på alle gardar med positive funn av slike bakteriar. Forsking publisert i haust av mellom anna

Veterinærinstituttet og Folkehelseinstituttet syner at denne strategien, som er for å hindre eit folkehelseproblem, har vore vellukka.


Denne forskinga syner at alle nasjonale utbrot av LA-MRSA blant gris frå 2011 og ut 2014 har sin orsak i smitte frå menneske som er smitta av dyr i utlandet. Det same gjeld truleg for dei siste utbrota her i landet. Frå utbrotstaden spreier smitta seg vidare frå gard til gard hovudsakleg gjennom sal og transport av levande dyr. Det er berre ved å sjå dyrehelsa og humanhelsa i samanheng vi kan stogge dette.

Oppsummert er Noreg i ein gunstig situasjonen, men det er ein sårbar stilling som er krevjande å oppretthalde. Auka handel og import av mat og levande dyr, det at stadig fleire reiser, folkevandring og opnare grenser bidreg til sterkare smittepress frå antibiotikaresistente bakteriar.

Veterinærinstituttet vil difor tilrå nokre tiltak til vurdering i samband med høyringa i Stortinget for å redusera bruken av antibiotika og utviklinga av antibiotikaresistens nasjonalt:

- Samle inn betre kunnskap om korleis antibiotika brukast til kjæledyr. Veterinærar bør få meldeplikt til nasjonale registre for bruk av antibiotika òg til kjæledyr.
- For å overvake, oppdage trendar og generere kunnskap om resistens hos bakteriar frå dyr, i mat og i fôr i Noreg, tilrår Veterinærinstituttet ei meldeplikt av særlege resistensformer. I tillegg tilrår vi å innføre plikt til sende parprøve eller isolat til nasjonalt referanselaboratorium for antibiotikaresistens på veterinærsiden for genetisk karakterisering.
- Sikre at det er lovmessig grunnlag for dyreeigarar å krevje prov på at personar som skal arbeide på eller besøke dyra deira, er testa negative for MRSA. Dette er eit viktig tiltak for å redusere faren for nye introduksjonar frå menneske til dyr som deretter kan true folkehelsa.
- Det bør utformast sterke rammer for veterinærar sitt høve til å forskrive til dyr antibiotika som av Verdens helseorganisasjon (WHO) er sett som kritisk viktige antibiotika for menneske slik som cephalosporiner og fluorokinoloner.

Med hilsen



Asle Haukaas
Kommunikasjonsdirektør